



Årsmelding Sunnfjord kulturråd 2023

Medlemmar og generell informasjon

Sunnfjord kulturråd har per i dag 39 medlemmar, med alt frå KFUK-KFUM til dansepedagogar, korps og einskildpersonar innan kunst og musikk. Medlemmane er fordelt på følgande måte:

- Organisasjonar: 27
- Einskildpersonar: 12

Styret er set pris på mangfaldet i medlemsmassen. Vi meiner framleis det kan gjerast eit arbeid for å invitere endå fleire inn i kulturrådet.

Styret sitt arbeid i perioden

Styret har sidan årsmøtet, 18. april 2023, gjennomført:

- 7 styremøter (4. mai, 12. juni, 26. september, 17. januar, 18. mars, 25. april, 2. mai)
- 1 møte med Sunnfjord kommune
- 1 møte med Vestland fylkeskommune (leiar)
- 1 samling ved Nynorskhuset, med teaterframsyning og middag, 30. november
- Innspel til Plan for kultur, frivilligheit og inkludering
Svar på høyring, samt møte med kommunalsjef.
- Jobba vidare med skuleprosjektet v/ Leon Årdal og Kirsten Johanne Friis
Dette prosjektet er no overført til Sogn og Fjordane folkemusikklag.
- Jobba vidare med Jølstrahuset v/ Astrid Wittersø og Kari Eikås

1. Samarbeidsavtale med Sunnfjord kommune:

I følge vedtekene skal SKR vere eit interesse-, samordnings- og samhandlingsorgan for kulturlivet i heile Sunnfjord kommune. Herunder:

- Synleggjere behov kulturlivet har for lokale, utstyr og generelle rammevilkår
- Vere Sunnfjord kommune sitt fagråd for kulturlivet, som skal bidra til at politisk og administrativt nivå har oppdatert kulturinformasjon
- Vere høyrings-/uttaleinstans i politiske saker som gjeld kulturlivet

Avtalen med Sunnfjord kommune v/ kommunedirektør og leiar i Sunnfjord kulturråd står ved lag. Sunnfjord kulturråd er løyvd driftstilskot for 2023.

Ved forrige årsmøte vart det løfta fram at vi hadde forbettringspotensiale i å etablere ein god dialog og møte det politiske miljøet i kommunen, herunder fagutval, formannskap, leiing og folkevalde for øvrig. Dette har vore betre siste året, men SKR har framleis eit større potensiale i å vere synleg for politikarar og ålementa.

Vi har etablert god kontakt med ny kommunalsjef for kultur og idrett, Anita Nordheim.

Det er signal frå både styret i SKR og kommunen med ynskje om å evaluere og ev. revidere samarbeidsavtalen.

2. Skiping Vestland kulturråd

Gjennom møter med Bergen Amatørkulturråd og Askøy kulturråd er vi involverte i eit forprosjekt om å skipe eit kulturråd på regionalt nivå – Vestland kulturråd. Styret stiller seg positive til dette arbeidet og vil framleis følge dette opp.

Vestland kulturråd hadde skipingsmøte i Sogndal 29. april. Verken SKR eller administrasjon i kommunen hadde høve til å møte. Vi følger saka og Vestland kulturråd vidare.

3. Ev. samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

I forrige periode vedtok styret har å starte ein prøveperiode for samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Dette gjeld informasjon om inkluderingsmidlar (nytt prosjekt) og ev. innspel på forenkla søknadar til Sparebankstiftinga.

Kontaktperson i Sparebankstiftinga slutta i jobben kort tid etter. Det nye styret bør følge opp og ev. konkretisere avtalen.

4. Andre saker, prosjekt og søknadar

- Jamscene på Sunnfjord hotell

Prosjekt i regi av Kathe Arnesen, Stian Sjursen Takle og Fred Reiersen. Søkte midlar via Sunnfjord kulturråd – avslått.

- **Skuleprosjekt, Folkedans i skulen**

Prosjektet er i gong, og er løyvd midlar søkt via Sunnfjord kulturråd. Prosjektet er no overført til Sogn og Fjordane folkemusikklag og held fram i 2024.

- **Sommarkulturskule**

Initiativ frå Sunnfjord kunstlag. Sommarkulturskule for born og unge. Styret stiller seg positive til denne aktiviteten og sette ned ei arbeidsgruppe for 2024. Vi har vore i møte med Sunnfjord kulturskule og med Johan Bengtsson v/ Førdehuset. Tidsramma vart dessverre for knapp for å rekke 2024. Ei arbeidsgruppe må etablerast tidleg og ein bør søke midlar 1. sept (seinast 1. mars) for å få eit godt prosjekt i gong. Styret bør jobbe mot å gjennomføre dette i 2025.

- **Jury for «Årets kulturarrangement», Sunnfjordgalla**

Sunnfjord kulturråd var oppnemnd som jury for utdelinga av «Årets kulturarrangement» i samband med Sunnfjordgallaen. Kulturnatt i Førde vann prisen – vi gratulerer!

- **Vidaregåande skular i Vestland, høyringsinnspel**

Vedteke å sende høyringsinnspel om å behalde Kunst, Design og Arkitektur og Media og kommunikasjon ved Førde vgs.